



og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 01.10.09

Vår ref. b.934/09/BSI/5.7.12

Norges Fiskarlag
Pirsenteret
7462 Trondheim

Vedlegg.....	1	av	1
Saks.....			

TELEFAKS

FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.

Viser til høyringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) om saka.

Fiskarlaget Vest ser positivt på at ein har "frost" tilstanden i Hardangerfjorden i høve til å kunne utvide maksimalt tillatt biomasse (MTB). Dette samsvarar med det Norges Fiskarlag, og Fiskarlaget Vest, tidlegare har bede om i høve til å ta ein pause med å tildele nye lokalitetar, og konsesjonar, til ein har oversikt over kva som er berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i eit område, føre-vår prinsippet. Ein kan ikkje føre ein bit for bit politikk slik ein har gjort til no, større område må sjåast under eitt.

Ein må òg definere kva som er berekraftig, og dermed kva som er akseptabel negativ påverknad på anna verksemd t.d. villfisk/fiskeri.

Fiskarlaget Vest er skuffa over når ein først innfører ei "Hardangerfjordforskrift" at det kun er vill laksefisk, laks og aure og dermed lakselus- og rømmingproblematikken, det blir tatt omsyn til i høve til negativ påverknad. Ein meiner at påverknad på anna villfisk òg må takast med t.d. sei.

Ein konstaterer at Havforskningsinstituttet (HI) har vurdert det slik at "*total bæreevne med hensyn på menneskeskapte bidrag herunder organisk belastning fra fiskeoppdrett er etter vårt syn ikkje nådd i Hardangerfjorden*", og på den bakgrunn finn ikkje FKD grunnlag for at forskrifta skal gjelde for oppdrett for marin fisk. Ein ser av høyringsbrevet at ein òg vil stoppe etablering av oppdrett av marin fisk, i ei anna forskrift, i Hardangerfjorden.

I følge høyringsbrevet frå FKD går det fram at MTB'en for lakseoppdrett ikkje er fullt utnytta i Hardangerfjorden. Ein reknar med at HI og FKD har tatt omsyn til det.

Adresse:
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80 Bankkto: 6511.05.05331
Telefax: 55 55 39 88 Org.nr: NO 938 613 109
e-mail: vest@fiskarlaget.no Org.nr: NO 984 152 094 MVA





side 2

Ein vil gjere merksam på at det at MTB'en er fryst i Hardangerfjorden må ikkje føre til "ville tistander" i andre område fordi oppdrettarane vil sikre seg nye område før det blir meir heilheitstenking i dei områda òg.

Fiskarlaget Vest meiner at det i § 1, "Formål" og må inn: "... ville bestander av laksefisk og anna villfisk...."

Fiskarlaget Vest meiner at ein må sjå på den totale påverknaden frå alt oppdrett av fisk, og utslepp frå andre næringar i og langs fjorden, når det gjeld "menneske skapte bidrag herunder organisk belastning fra fiskeoppdrett", og ikkje igjen nytte bit for bit politikk for eit område. Heile fiskerinæringa, både villfisk og oppdrett, er avhengige av å kunne vise til at ein leverer mat frå ein rein sjø/hav.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo
Britt Sæle Instebo

Kopi: Fiskeridirektoratet region vest
Fiskeridirektoratet region sør
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Rogaland
Hordaland Fylkeskommune
Rogaland Fylkeskommune